

From: Rebekka Amanda <rebekkahusoy@gmail.com>

Sent: tysdag 22. mars 2022 16:54:39

To: Postmottak Ulstein

Subject: Innlegg til skulestruktursaka

Tilbakeflyttar til Haddal

Tirsdag 15.mars møttes i overkant av 70 menneske frå krinsane Haddal, Garnes og Eiksund for å få fram sine synspunkt i skulestruktursaka. Ordføraren har bedt oss som bur i kommuna om å få fram våre synspunkt, slik at våre folkevalgte kan gjere ei god avgjerdsle i saka.

Eg har vore i stuss på om mi meining har noko å seie - om eg har noko å komme med. Det blir mykje følelsar i sving når det gjeld barna våre - og det preger sjølvstøtt debatten.

Eg er med i FAU på Haddal skule, eg bur i Haddal og eg er så heldig at eg har fått gått alle mine 7 barneskuleår på Haddal skule. Faktisk var det eg og 9 andre håpefulle 1.klassingar som stilte oss opp utanfor ein heilt ny skule i år 2000. Eg er stolt av skulen, og synest det er svært trist at eit så flott bygg berre skal få gjere nytta si i 22-23år. Det er ikkje tvil i at eg er imot skulenedlegging - hverken her i Haddal eller på Ulstein. Argumentar mot nedlegging har dokke fått mykje av - og fleire skal de få.

Men i dette lesarinnlegget skal eg snakke om innledninga ordføraren hadde på det åpne møtet 1.mars. Eg beit meg merke i grafen frå Statistisk sentralbyrå (SSB) «Befolkning Ulstein kommune». Her peika Engh på den velkjendte eldrebølga og at det var færre barn. Litt vel kort om den grafen syntest eg, så eg tek på meg å undersøke den litt nærmare.

Eg savna uttalelsen om korleis grafen bølgar, og kanskje spesielt at det er ein solid gjeng mennesker i aldersgruppa 30-34år. Dette skal vi komme tilbake til. Mange i 20åra reiser til storbyane for å studere, og derfor er det ikkje så mange i den aldersgruppa i Ulstein kommune. Når studietida er over skal man skal leite etter fast jobb og bustad. Da er det for monge naturleg å komme tilbake. Gjerner da i starten av 30åra. 15-19 åringar er det mange av, og det er no vi må vise ungdommen at når dei skal busette seg etter studietida; da er vi her. Med åpne armar, åpne skular og åpne planar for å gi dei ein plass å bu.

Tirsdag når eg var inne på SSB sine nettsider for å sjå over grafen i forkant av samlinga, ser eg at det nylig kom ut ein artikkel om økt fruktbarheit. Datert 09.03.22 kunne SSB komme med gladnyheita om at fruktbarheita har økt for fyrste gong på 12 år. Kvinner fødte ifjor i snitt 1,55 barn, ein oppgong frå 1,48 i 2020. Figur nr.2 i artikkelen viser at Møre og Romsdal har økt fruktbarheita frå 1,58 til 1,73!

Møre og Romsdal topper altså statistikken for fruktbarheit saman saman med Rogaland. Artikkelen avsluttar med avsnittet

«gjennomsnittsalder ved første fødsel har bikket 30år». No humrar eg litt, for no skal eg peike tilbake på folketalet i Ulstein kommune.

Jau, der er det ein god gjeng med mennesker i 30 åra - og kva skal dei? Dei skal ifølge statistikken få sitt første barn. 247 kvinner i Ulstein kommune er i følge statistikken i ferd med å sette barn til verden.

Det er ikkje vanskelig å tenke seg at disse barna skal ha skuleplass om nokre år.

Når det gjeld prognoser så er dei berre prognoser. Vi veit ingenting før vi er der. Men det er fryktelig dumt av kommunen å legge ned skulane i krinsane berre få år før ei ny bølge med barn blir født. Eg trur vi vil ha nytte av all den skuleplassen vi har - om ikkje vi treng meir. For eg er berre éin av dei i alderen 25-29 år som no flyttar tilbake til Sunnmøre med bachelorutdanning i handa og eit ønske om å busette seg.

Rebekka Amanda Nygård